

**Uskedeling satsar på 3.divisjonsfotball.**

29.11.2012

**Dag Rune Myklebust(19) som i haust har spela A-lagsfotball for Rosendal, har no meldt overgang til 3.divisjonslaget Øystese Fotball. Dag Rune avslutta i sommar 3 år med skulgang og fotball ved toppidrettsgymnaset i Haugesund, og medan han var i sildabyen, spela han juniorfotball for Vard Haugesund.**

Nyleg vart Dag Rune presentert på heimesida til Øystese Fotball, og han fortel at han flyttar til Øystese ved årsskiftet. Han fortel vidare at han er treningsvillig og likar utfordringar, og at han ønskjer å spela på eit høgare nivå enn 5.divisjon som hadde vore alternativet med Rosendal.

Han seier han skal trenar mykje fotball i Øystese, og at han i tillegg kanskje kan bidra som trenar for eit lag. Ved sida av fotballen skal han gå litt på gymnaset samt at han skal arbeide i ein barnehage. Klubbvalet har nok og samanheng med at kompisen Anders Næs tidlegare har signert for same klubben.

Øystese skal neste sesong spele i pulje med: Randaberg, Brodd, Vaulen, Åkra, Kopervik, Vardeneset, Haugesund 2 og Hundvåg og 6 Hordalandslag Os, Stord, Lysekloster, Fyllingsdalen 2, Austevoll.

Av: Thor Inge Døssland.